



MØTEBOK

| | |
|-----------------|---|
| Organ | Planutvalet |
| Møtestad | Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna |
| Møtedato | 04.11.2015 |
| Kl. | 13:00 |

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling (Sp)
Åshild Kjelsnes (Ap)
Sigurd Reksnes (Sp)
Aleksander Øren Heen (Sp)
Trude Brosvik (KrF)
Hilmar Høl (Ap)
Helen Hjertaas (Ap)
Bjørn Hollevik (H)
Gunhild Berge Stang (V)
Karen Marie Hjelmeseter (Sp)
Karianne Torvanger (Ap)
Noralv Distad (H)
Stein Malkenes (MDG)
Frank Willy Djuvik (FrP)
Jakob André Sandal (SV)

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

xxxx-utvalet vedtok (med x mot y røyster) at sak nr. x/X vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. x

Møtebok frå * vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

SAK 5/15 Regional Planstrategi 2016-2020 - Arbeidsdokument 2 - Mål og målbilete

Frå * låg det føre slik tilråding til vedtak:

Endringsframlegg:

*

Fylkesrådmannen innarbeider følgjande tema/omgrep/formuleringar i kap. 3, 1. avsnitt ut frå drøftingane i utvalet:

1. Skape eit engasjement hjå hovudaktørane
 - Offentlege
 - Kunnskapsmiljøa
 - Næringslivet
2. Utvikle nettverk og møteplassar for engasjement

Fylkesrådmannen innarbeider følgjande tema/omgrep/formuleringar i kap. 5 ut frå drøftingane i utvalet:

1. Endre kulepunkt og underoverskrift «Frå industrisamfunnet til kunnskapssamfunnet» til ny formulering «Utvikling av kunnskapssamfunnet»
2. Fiskeri/havbruk både som mogelegheiter for berekraftig næringsutvikling i underkapittel Utvikling av kunnskapssamfunnet og i underkapittel om Klimautfordringane
3. Utvikling frå råvareindustri til foredling som mogelegheiter i underkapittel Utvikling av kunnskapssamfunnet, der aktørane er meir bevisst på kva ein nyttar kunnskapen til t.d. innan berekraftig næringsutvikling
4. Grøn vekst i samfunnet som ein konsekvens av det grønne skiftet som mogelegheiter i underkapittel Utvikling av kunnskapssamfunnet og i underkapittel om Klimautfordringane

Tillegg til tilrådinga i kap. 6

Planutvalet ber om at følgjande tema vert innarbeidd

1. Utvikle gode kommunikasjonar i bu- og arbeidsmarknadsregionar, og vurdere korleis samferdsle kan medverke til den samfunnsutviklinga som fylket ynskjer. Samordne formuleringar med pkt. 2 i kap. 6
2. Strategiar for å utjamne avstandsulemper som auka kostander for transport av menneskje og varer, mangel på digital infrastruktur e.a. Samordne formuleringar med pkt. 2 i kap 6, og sjåast i samheng med bu- og arbeidsmarknadsregionar
3. Vere leiande i utdanning og skuleresultat, innarbeidast i pkt. 3 i kap. 6
4. Kvantifisere utsleppsreduksjonar i tråd med nasjonale og internasjonale prosessar og målsetjingar. Innarbeidast i pkt. 7 i kap. 6.
5. Gjere det tydelegare i pkt. 4 i kap. 6 at fylket har grunnleggande haldningar til å vere eit ope og inkluderande samfunn
6. **Gjere det tydeleg at, ut frå overordna mål**, ynskjer fylket at effekten skal vere ei folketalsutvikling på 1 % - 1100 i året
7. Vurdere ei ny formulering for samferdsle eller omarbeide pkt. 6 i kap 6 slik at eit mål at fylket kan verte eit pilotfylke for overføring av gods frå veg til sjø

Tillegg til tilrådinga i kap. 7

Planutvalet ber om at følgjande vert innarbeida

1. Fylket har grunnleggande haldningar til å vere eit ope og inkluderande samfunn
2. Effekten av dei overordna måla skal vere ei folketalsutvikling på 1 % - 1100 i året

Elisabet – kan du sjå på pkt om utsleppsreduksjon underframlegg i kap 6

Opprinneleg pkt er slik

«

7. Følgje opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål i klimaplanen som er strengare enn dei nasjonale.

Planutvalet ynskjer innarbeida

1. *Kvantifisere utsleppsreduksjonar i tråd med nasjonale og internasjonale prosessar og målsetjingar. Innarbeidast i pkt. 7 i kap. 6.*

Avrøysting:

*

Dette gir følgjande VEDTAK:
